

SÆRKILTE TILHØVE I KYRKJA

Brannvakt Nysæter kyrkje

ved store arrangement (over ca 300 stk), når det vert brukt levande lys, når rømningsvegar er avgrensa og når belysning er redusert.

4 brannvaktar utstyrer seg med kvar sin gule vest. Vestane ligg i korg på lageret i lag med lommelykter, instruks mm. Når det er mørkt ute har vaktane kvar si lommelykt. Reservera stol i nærleiken av der ein har vaktansvar. Viktig å ha lese brannvernheftet/setje seg inn i kvar brannsløkkje-utstyret er.

Vakt ved dørar: Vakt 1: Kontorutgong/bakgang – Vakt 2: sidedør i kyrkjerommet – Vakt 3: hovuddør og Vakt : trapp ned og kjellar.

Kyrkja har ca 242 sitjeplassar i kyrkjerommet, og ca 50 sitjeplassar i kyrkjelydssalen. Maks publikumstal er sett til 400 personar.

Ved levande lys må brannsløkkjeutstyr vera lett tilgjengeleg. Bøtter med vatn ved miksebord, kyrkjevert/kyrkjetenar og ute i vestibylen.

Når rømningsvegar er avgrensa må ein raskt fjerna stolar/utstyr som sperrer.

Før arrangementet tek til må ein muntleg orientera om;

varslingsanlegget i kyrkja (ved kjøkkeninngong), kvar rømningsvegane er, brannsløkkjeapparat, brannslangar, samlast på parkeringsplassen.

Sjå nærare opplysningar i «**Evakueringsinstruks for Nysæter kyrkje**».